



Jondalstunnelen AS v/ John Skogseth

Dato: 08.06.2017
Vår ref.: 2016/34254-4
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Svar på spørsmål om førehandsinnkravde bompengar

Jondalstunnelen AS ved John Skogseth spør i e-post til Hordaland fylkeskommune den 27.03.17 om ein kan bruka midlar i bompengeselskapet - 1,853 mill kr (sjå under) til å få utarbeidd eit plangrunnlag for kva som kan gjerast med vegparsellen mellom Nordrepollen og Austrepollen, finansiert med ei utvida bompengordning og rassikringsmidlar.

Vi beklagar at det har tatt noko tid å handsama dette spørsmålet.

Førehandsinnkrevjing på ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd

Det var rekna med å få inn 2 mill kr i bompengar på ferja pr år i 4,5 år, altså omlag 9 mill kr. Ettersom innkrevjingsperioden vart redusert til 3,5 år vart bompengane redusert med ca 2 mill kr. Denne inntektssvikten på omlag 2 mill kr har HFK tatt på seg å dekkja, jamfør «Møtenotat 29.06.11».

Dermed vart det kravd inn omlag 7 mill kr i førehandsbompengar på ferja. SVV opplyser at det berre er rekvirert 5 mill kr. Grunnen til at desse ca 2 mill kr (utgjør 1,853 mill kr i bompengeselskapet) i bompengar ikkje er kravd inn, er ikkje kjend.

Tilråding

Jondalstunnelen AS spør no kven som er den rette eigar at dei 1,853 mill kr. Vårt svar er at det er Hordaland fylkeskommune, som byggherre, som har fullfinansiert prosjekt gjennom ordinære løyvingar.

Om HFK skal løyva planmidlar til prosjektet, bør dette løyvast som planmidlar. Vidare vil vi be om at Statens vegvesen rekvirerer dei resterande bompengane no.

Vi kan også opplysa om at samferdselsavdelinga har inngått avtale med konsulent om å utarbeida eit forprosjekt for denne strekninga. Forprosjektet skal utgreia ulike alternativ for opprusting av strekninga inklusive tunellalternativ. Vidare skal finansiering vurderast.

Om det er aktuelt å gå vidare etter dette forprosjektet må ein koma attende til.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Statens vegvesen Region vest